

GAMLE FOLKEMUSIKKINSTRUMENT - LANGELEIK - SLÅTTESTEV OG SLÅTT

langeleik
seljefløyte
lur
bukkehorn
langeleik
munnharpe
tussefløyte
vokal
hardingfele



NRK

NORSK FOLKEMUSIKK

Norsk folkemusikk har gjennom hundreåra faldt seg ut på ei mangfald av instrument, frå dei mest primitive og til byinstrument som fiolin og klarinett. I dei siste 200 åra har fela i aukande grad dominert folkemusikken og er framleis fullt livskraftig, medan mange av dei eldre og meir einfelde instrumenta er utdøydd eller sterkt trengde attende. Soleis er det i dag berre syrgjelege restar igjen av bukkehornlåtane som for mindre enn hundre år sidan ljoma over alle fjell.

Det var to måtar å laga og spela horn på i Noreg. Den eldste og vanlegaste måten var å forma til blåseopninga omlag som på eit vanleg horninstrument. På den andre typen vart det festa ei tunge etter klarinettprinsippet. Det er eit slikt horn Olav Snorheim spelar på, og melodien finn ein att i Edvard Griegs «Ballade» for piano.

Munnharpa var mykje brukt i gamle dagar, og enno fins det mange spelemenn som kan lokke musikk ut av dette merkelege instrumentet. Sjølve musikken blir og sermerkt, for munnharpa er eitt av dei få instrument i verda som gir naturtonar - i eit slikt omfang at dei kan nyttast til melodispel.

Seljefløyta har overlevd i ei form som no er særst sjeldan å finne i Europa: Eit langt rør av seljebork (ca. 40-70 cm) utan fingerhol og med

blåseopning tillaga etter blokkfløyteprinsippet. Ved overblåsing og ved vekslende opning og lukking av fløyteenden med ein finger kan ein få fram ei rad med tilnærma naturtonar. Nyttar ein og halvdekking av fløyteenden, kan ein få visse tonar i tillegg som ikkje høyrer til naturtone-skalaen. Det er dette som gjer det moglege for Marius Nytrøen å få fram moll-karakteren i sin poldans.

Langeleiken er det einaste instrumentet som har vore i bruk til våre dagar. Han har 1 melodistreng med diatonisk ordna tverrband under, dessutan ei rad med akkompagnement-strengar (oftast 7) stemt i treklang til melodistrengens grunntone. Med eit plektrum i høgre hand slår ein over alle strengane, medan dei tre midtre fingrar på venstre hand trakterer melodistrengen.

Felemusikken fins i to ulike tradisjonar, knytte til to ulike utgåver av instrumentet. Den vanlege fela (fiolinen) har vore mest brukt aust og nord i landet, medan hardingfela er mest brukt på Vestlandet og i dei midt-norske dalane. (Namnet hardingfele har tilknytning til Hardanger.) Begge tradisjonar har skapt sermerkt og verdfull musikk, men som instrument skil hardingfela seg mest ut. Nokre av serdraga ved instrumentet speglar av tidlegare stadium i den europeiske fiolin-familien si søge (t.d. rik dekor, understrenger, kort hals), men dei fleste serdrag har

samstundes klår samanheng med spelemåte og musikkstil. Det gjeld framfor alt stolen, som er flatare enn vanleg og gjer det lettare å gjennomføre tostemt spel. Under namn som springar, halling, gangar og pols har våre beste spelemenn i eit par hundre år skapt ein musikk som nok i mangt bygger på danseformer frå renessanse og barokk, men som både rytmisk og tonalt har gått sine eigne vegar. Serleg slåttane i 3/4 dels takt (springar og pols) har interessante rytmiske drag. Tonale variasjonar kjem best fram gjennom ulike måtar å stille felestrengene på. Det vanlegaste hardingfelestillet er rekna nedanfrå a-d-a-e. I meir enn hundre år har felemusikken vore ei rik inspirasjonskjelde for norske komponistar.

/Reidar Sevåg

SLÅTTESTEV – eller eit slåtterim som dei også kan heite – er tekster til den eldre norske dansemusikken: slåttane d.v.s. til springar, pols, gangar, halling og rull. I strengaste tyding av ordet, er slåttesteva korte tekststubar, som regel på 2–4-lina vers. (I Telemark er slåttesteva gjerne lenger). Stundom er steva brot av gamle bygdeviser. Noko av dei sikraste prov på at ein slått er gammal, er at han har mange namn og stev, og at han er kjend frå ymse kantar av landet. Ikkje så få av dei norske slåttane går tilbake til vokalt opphav, men granskarane våre meiner at slåttesteva er ei

noko nyare grein av vår folkelege diktekunst. Storparten av slåttesteva er tilkomne etter at slåttane var fullt utbygde som instrumentalmusikk til dans. Når folk hadde lyst til å danse, men mangla spelemann, var det gjerne ein eller annan som kunne tralle eller syngje til dansen. Då kom det vel med å ha tekststrofer å syngje på. Som all folkedikting kan slåttesteva vera kjenslevare og stemningsfulle, men oftast er dei lite høgtidsame, helst humoristiske, gjerne med ein grov-voren og spottande humor.

/Brynjulf Alver

NORWEGIAN FOLK MUSIC

Norwegian folk music has, down through the years, employed many kinds of instruments, from the most primitive to the “town instruments” such as the clarinet and violin. The violin dominated steadily from the middle of the 18th century and is still very widely used, whereas many of the simpler instruments have died out. Consequently, one now hears very little of the rams-horn music which, a century ago, could be heard in all parts of the country. These horns could be made and played in two different ways: like a trumpet or like a clarinet. In the latter case, a thin piece of wood was tied on to the narrow end of the horn to serve as a beating reed. It is one of these horns that Olav Snorheim is playing, and the tune has been

used by Edv. Grieg in his "Ballade" for the piano.

The Jew's harp, extensively used for centuries, can still be heard in Norway. The music sounds strange to modern ears, partly due to the fact that this is one of the very few instruments in the world which gives natural harmonic notes - in a range wide enough to enable the composition of a melody.

The willow-pipe has survived in a form which, today, is very rare in Europe: a long tube of willow bark (about 40–70 cm) without fingerholes and with a sounding arrangement like that of the recorder. The playing technique is founded upon intercalation of the open and stopped harmonic notes, obtained by opening and stopping the lower end with the finger. By half-stopping, some notes outside the harmonic scale can be obtained, and it is in this way Marius Nytrøen manages to bring out the "minor" character in the pols-dance.

The only old-fashioned string instrument still in use in Norway is the langeleik: a long narrow case without a neck, with one melody string stretched over a fretted fingerboard and a series of accompanying strings which give a fixed, unchangeable harmony. The right hand plucks the strings with a plectrum and the three middle fingers of the left hand play the melody.

The fiddle music appears in two different

traditions, based on two different types of the instrument. The ordinary violin dominates the eastern and northern districts, whereas the "hardingfele" is mainly found in Western Norway ("Hardingfele": fiddle from Hardanger). Both traditions have created valuable music but, as an instrument, the hardingfele is of special interest, differing as it does from the ordinary violin on several points. Some of its characteristics reflect earlier stages in the history of the viol family (e.g. rich decoration, sympathetic strings, short neck, less curved bridge) but, at the same time, most of these characteristics have a clear connection to playing technique and musical style. Above all, this is true of the bridge, which facilitates the playing of two strings simultaneously. Springar, gangar, halling and pols are the best known types of fiddle tunes in Norway. One of their sources must undoubtedly be sought in the dance forms of the Renaissance and the Baroque but, both in rhythm and tonality, they have followed different trends than the "civilised" music. The three-beat dances (springar, pols), especially, conceal interesting rhythmic peculiarities. Variations of tonality are partly due to the different ways of tuning the strings. The ordinary tuning is, from the bottom string up, a-d-a-e.

/ Reidar Sevåg

SLÅTTESTEV

– or slåtterim as they are also called – are the lyrics employed for the more ancient Norwegian dance tunes; in other words, they are verses for the fiddle tunes played for such dances as springar, pols, gangar, halling and rull. In the strictest meaning of the word, the slåttestev are short lyrical fragments usually in couplet or quatrain form. (In Telemark, however, slåttestev are frequently somewhat longer.) It may be that they are remnants of old popular songs. Indeed, one of the most certain tests of the age of a fiddle-tune is that it has a number of names and stev attached to it and that it be known in many corners of the land. Not a few of the Norwegian fiddle-tunes have vocal music as their source, but for the most part scholars feel that slåttestev appear to have been composed after the fiddle was completely accepted as the instrument for dance music. If, however, the people wished to dance but lacked a fiddler, there would certainly be someone who could hum or sing for the dancers. Such situations created a demand for specific lyrics; slåttestev were the result. Like all other popular poetry, slåttestev can be meaningful and inspiring, but more frequently they are hardly ceremonious, preferably jocular, with a gruff and derisive humor.

/ Brynjulf Alver

SLÅTT is a common designation for music for Norwegian folk dances, extended to comprise even more recent dances introduced in Norway in the latter half of the 18th century. (Slått (old Norse: sláttir and slagr) is derived from the verb "slå" which means strike or thrum.)

SPRINGAR, Norwegian dance in 3/4 time, the most popular of our old dances. The various districts have their own adaptations of the "springar", in Gudbrandsdalen called "springleik".

GANGAR, Norwegian dance in 6/8 or 2/4 time, in a quiet and rather solemn tempo. It is generally danced in couples, but may also be danced by a single person. At present most frequently used in Setesdal and Telemark.

HALLING, Norwegian dance in 2/4 time. It is usually a solo dance, but may be danced by several as well. The name is derived from Hallingdal, where the dance was most frequently used.

GAMLE FOLKEMUSIKKINSTRUMENT:

01. Kivlemøyane, halling

Eivind Groven (1901–77), seljefløyte,
Lårdal i Tokke, Telemark/Oslo.
Opptak: 02.12.1952, studio, Oslo.

02. Pols frå Vingelen

Marius Nytrøen (1896–1993), seljefløyte,
Vingelen i Nord-Østerdal, Hedmark.
Opptak: 28.08.1954, Vidarheim, Tolga.

03. Kjenningslåt

04. Stemningslåt

Arne Sørli (1904–69), lur,
Sørum i Akershus/Tromsø, Troms.
Opptak: 19.07.1953, Åsane setergrend,
Tynset.

05. Folketone frå Valdres

06. Gjetarlåt frå Gudbrandsdalen

Olav Snortheim (1911–88), bukkehorn,
Vestre Slidre i Valdres, Oppland/Harpefoss,
Oppland.
Opptak: 08.07.1956, Rausjødalen.

07. Luahornslagje frå Åseral

Knut Austegard (1908–58), bukkehorn,
Åseral, Vest-Agder.
Opptak: 12.10.1955, Åseral.

08. Nissedans frå Valdres

09. Juleskreia, springar frå Valdres

Olav Snortheim, langeleik.
Opptak: 19.01.1953 og 19.12.1953,
studio, Oslo.

10. Munnharpeslåt, springleik

11. Løytnants-Anne

12. Å kjøre vatten å kjøre ved

13. Fangjen

Olav O. Aukrust (1912–99), munnharpe,
Lom i Gudbrandsdalen, Oppland.
Opptak: 08.07.1954, Bøverdalen.

14. Pols frå Nord-Østerdal

15. Gjetarlåt frå Gudbrandsdalen

Egil Storbekken (1911–2002), tussefløyte,
Tolga i Nord-Østerdal, Hedmark.
Opptak: 10.03.1958, studio, Oslo.

LANGELEIK:

16. Smedal-slåtten, lydarslåt

17. Rødalsuksin, lydarslåt

18. Gammal vals

19. Halling

20. Bånsull

Barbro Myhre (1893–1978), langeleik,
Vang i Valdres, Oppland.
Opptak: 21.05.1963 (16, 18, 20) og
18.06.1953 (17, 19).

21. Brekke-enkja, springar

22. Halling

23. Huldreslåt, springar

24. Huldreslåt, halling

Einar Reinton (1903–død?), langeleik,
Hol i Hallingdal, Buskerud.
Opptak: 25.05.1957, Trollstugu, Hol.

SLÅTTESTEV OG SLÅTT:

25. Så skal du spela du Tarbjørn Trondson, slåttestev

Brita Bratland (1910–75), vokal,
Vinje, Telemark.
Opptak: 13.09.1960, Edland.

26. Brynjulv Olsson, gangar etter Svein Løndal

Kjetil Løndal (1907–87), hardingfele,
Tuddal, Telemark / Oslo.
Opptak: 18.12.1962, studio, Bergen.

27. Gaute Navardsgard, slåttestev

Brita Bratland, vokal.
Opptak: 13.09.1960, Edland.

28. Gaute Navardsgard, springar etter Torkjell Haugerud

Kjetil Løndal, hardingfele.
Opptak: 18.12.1962, studio, Bergen.

Spor 01–07 også gjeve ut på FEP 4

Spor 08–15 også gjeve ut på FEP 8

Spor 16–24 også gjeve ut på FEP 49

Spor 25–28 også gjeve ut på FEP 40

ORIGINALUTGJEVING

Redaktør og produsent: Rolf Myklebust

Opptak: NRK 1952–1963

Tekst: Brynulf Alver og Reidar Sevåg

Teikning: Kari Rolfsen

Utgitte av RCA Victor i samarbeid med NRK

NYUTGJEVING

Produsent og redaktør: Gunn Sølvli Gausemel, NRK

Prosjektleder: Frode Rolandsgard, ta:lik

Lydrestaurering og mastering: Terje Hellem, NRK

Grafikar: Eva Karlsson

Økonomisk støtte: Norsk kulturråd og Rådet for folkemusikk og folkedans

Takk til tidl. Programsekretær i NRK Lisa Halvorsen for konsulenthjelp.

78 plater, EP- og LP serien «Norsk folkemusikk» vart utgitt av NRK og plateselskapet RCA mellom 1953 og 1974. Nyutgjevinga av serien blir gjort av NRK og plateselskapet ta:lik, i samarbeid med Arne Bendiksen records.

The series "Norsk folkemusikk" comprises a number of 78s, Eps and LPs released by the NRK and RCA Records between 1953 and 1974. The recordings by Eivind Groven, Marius Nytrøen, Arne Sørli, Olav Snorheim, Knut Austegard, Olav O. Aukrust, Egil Storbekken, Barbro Myhre, Einar Reinton, Brita Bratland and Kjetil Løndal were originally released in the EP format, then as LP in 1974 (RCA FLP 19).